

### Verktøy som kan vere kjekt å ha.

Til produksjon av dører krevst ein del spesialverktøy i tillegg til meir generelt snikkarverktøy. Det er nokre ulike måtar å gå fram på for å lage dører og desse ulike måtane krev forskjellig verktøy. Dei som har eigne erfaring med produksjon av dører med handverktøy veit kva dei treng. Gi gjerne beskjed om det er noko spesielt vi skal prøve å ha klart av material og verktøy på Sverresborg.

Sidan nokon bur i gangavstand til Sverresborg og nokon har lang reise må de sjølv vurdere kva de har kapasitet å ta med av verktøy. Vi vil prøve å ha nokre oppsetningar med spesielt verktøy tilpassa nokre ulike dører og produksjonsmåtar, hovudsak rapbatdører (fyllingsdører). Vi vil også prøve å ha slikt generelt verktøy som skottbenk, skottokse og vanleg snikkarverktøy. Ta med høveleg arbeidskle og sko for å arbeide innandørs på verkstad. Vi vil i all hovudsak arbeide med handverktøy men ta gjerne med personleg verneutstyr slik som briller og hørselvern etter behov.

For å gi inspirasjon til kva verktøy som kan vere høveleg å ha med seg til Sverresborg vil eg med nokre bilete vise korleis snikkaren Sjur Nesheim i Granvin arbeidde dører i eit dokumentasjonsprosjekt i 2011.



#### *Splitting av material.*

*Utgangspunktet for snikringa var 2 toms ukanta plank. Sjur fussa opp dette med den store grindsaga. Saga er skuvtennt (langvedtanning) og har bladlengd på omlag 6 kvart, 90 cm. Andre langvedsager eller ploghøvlar kan også brukast til splitting av material til dører.*



*Retting, vinkling og dimensjonering av emne er ein stor del av arbeidet. Høvlar som eignar seg til dette er sentralt i dette arbeidet. Her har Sjur ein god okshøvel og ein god langhøvel. Skrubb og pusshøvel kan også vere bra til dette arbeidet.*

*Ein stor vinkel, tømmermannsvinkel (boksvinkel) kan vere bra å ha for merking av emna.*

*Lange tvinger for å lime saman fyllingane og for montering av døra er også bra å ha med.*



*Vinklar av ulike typar og ripmot er praktisk til merking og måling under arbeidet. Alenmål eller tomrestokk til måling er praktisk. Blyant og rissenål til merking er fint å ha.*



*Sjur brukar grindsag til å sage tapp. Ein kan også bruke ei stikksag til dette. Ei fintanna nakkesag (bakksag) er også bra til å sage skuldrane på tappene.*



*Sjur passar på at tapp og sliss har mål som passar til tappjarn og bor som han har i verktøykassa. Skal du arbeide med å kopiere konkrete dører og kopiere måla på desse er bor og tappjarn med høvelege mål sentralt å ha tilgang på. Navar eller bor for å bore for naglane på tappane er også veldig bra å ha med seg.*




*Ein fast eller stillbar ploghøvel til pløying av spor for fyllingane i ramtreet er nødvendig. Semshøvel er også bra å ha til justering av tappar og eventuelt friser. Semshøvlane kan har ulike utformingar. Under er bilete av ein spesiell type som Sjur Nesheim brukte. Han har også ein variant med skrå tann. Elles er det heilt sentralt å ha ein rett og god langhøvel (rubank) for å høvle limfugene til dørfyllingane.*



## Verktøy til dørnikring

Roald Renmælmo

Det har vore laga mange ulike typar døre på ulike måtar her i norden. Spesialverktøy til ulike typar dører og ulike arbeidsmåtar finnast det i stort mon. Problemet kan vere å oppdage verktøyet og finne ut av kva det er til. Under er det lagt inn bilete av eit lite knippe med verktøy som eg tolkar som relatert til handverksmessig dørproduksjon. Det finnast nok mykje meir enn dette. Undersøk gjerne på heimebane og ta med slikt som ser relevant ut. Det kan godt finnast særlege ploghøvlar og slikt til snikring av dører. Frisehøvlar er vel så kjennelege at de kjenner til ulike variantar av desse?



Seminar på temaet **førindustriell produksjon av dører**